

UiT Noregs arktiske universitet HSL-fak, ILP Oppretta 06.02.19	Norsk 1 for 1-7 trinn, del 2
Namn	Bokmål: Norsk 1 for 1-7 trinn, del 2 Nynorsk: Norsk 1 for 1-7 trinn, del 2 English: Norwegian 1 for 1st-7th grade, part 2
Emnekode og emnenivå	VID-6097
Emnetype	Vidareutdanning på lågare nivå retta mot lærarar på 1-7 trinn i grunnskolen. Norsk 1 er sett saman av to emne à 15 studiepoeng. Dette er del to.
Omfang	15 studiepoeng
Forkunnskapskrav, tilrådde forkunnskapar	Fullført lærarutdanning eller anna pedagogisk utdanning som kvalifiserer for å undervise på 1. – 7. trinn. Fullført førskule-/barnehagelærarutdanning kvalifiserer også for opptak. Deltakarane må vere i eit tilsettingsforhold i grunnskolen 1. – 7. som tillet at dei kan prøve ut pedagogiske opplegg i eigen klasse. UiT vil ikkje krevje dokumentasjon på tilsettingsforholdet, men dette er ein føresetnad for å kunne gjennomføre arbeidskrava.
Fagleg innhald	Emnet fokuserer på språklege, litterære og fagdidaktiske spørsmål med særleg fokus på lese- og skriveopplæring for elevar på mellomtrinnet. Emnet legg også vekt på at studentane skal utvikle sine eigne språkferdigheiter og sin eigen tekstkompetanse, formidlingsevne og vurderingspraksis. Studentane vil få kunnskap om norsk grammatikk som system og som reiskap for å analysere, vurdere og gi respons på elevtekstar og tekstar frå medstudentar. Det vil bli lagt vekt på barnelitteratur og folkedikting som eventyr og segn, også samiske. Studentanes yrkespraksis blir brukt som del av refleksjonsgrunnlaget i emnet.
Læringsutbytte	Etter bestått emne har studentane følgande læringsutbytte: Kunnskap Studenten har: <ul style="list-style-type: none"> • kunnskap om språket som system og språket i bruk • kunnskap om lese- og skriveopplæringa på mellomtrinnet • kunnskap om ulike tilnærmingar til lesing, skriving, munnleg kommunikasjon og til arbeid med litteratur og lesestrategiar • kunnskap om eit utval skjønnlitterære tekstar med vekt på litteratur for barn og unge • kunnskap om kartleggingsprøvar, nasjonale prøvar, læremiddel og læreplan for trinn 1 til 7 Ferdigheiter Studenten: <ul style="list-style-type: none"> • kan bruke kunnskap om språk og tekst i analyse og vurdering av munnlege, skriftlege og multimodale tekstar • kan gi læringsfremjande respons • kan bruke ulike metodar i den vidare lese- og skriveopplæringa og tilpasse opplæringa for elevar med ulik bakgrunn og varierende ferdigheiter i norsk • meistrar skriftleg nynorsk

	<p>Kompetanse Studenten:</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan legge til rette for at elevane vidareutviklar grunnleggande ferdigheiter og blir tekstyndige og trygge språkbrukarar • kan planlegge og gjennomføre norskundervisning i sentrale emne og gjere greie for elevtilpassa fagdidaktiske val • kan vurdere eigen praksis med gjeldande læreplanar, fagkunnskap og fagdidaktisk innsikt som grunnlag
Undervisnings- og arbeidsform	<p>Dette er eit samlings- og nettbasert emne. Semesteret har inntil 3 obligatoriske samlingar à inntil 3 dagar.</p> <p>Arbeidet er fordelt på forelesingar, diskusjonar, seminar- og gruppearbeid. Mellom samlingane gis det arbeidskrav i samband med eigen praksis, med utprøving og tekstarbeid som koplar praksis og teori.</p> <p>Det blir lagt til rette for refleksjon og kommunikasjon på digital læringsplattform mellom samlingane.</p>
Kvalitetssikring av emnet	<p>Evaluering etter kvar samling. Emnet evaluerast munnleg eller skriftleg etter fyrste gjennomføring, og minimum ein gang kvart tredje år.</p>
Arbeidskrav	<p>Følgande arbeidskrav må vere gjennomført og godkjent før ein kan framstille seg til eksamen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • munnleg framføring i gruppe med respons til andre grupper • ein fagtekst • eit notat knytt til eigen praksis • 70 % deltaking på undervisning
Eksamen og vurdering	<p>Eksamen består av:</p> <p>Individuell, skriftleg heimeeksamen (5 dagar). Målform: Nynorsk</p> <p>Eksamen vurderast med bokstavkarakter A-F, der F regnast som stryk.</p>
Kontinuasjoneksamen	<p>Ved karakter F tilbys kontinuasjonseksamen i byrjinga av påfølgande semester. Ved gyldig forfall tilbys utsatt eksamen i byrjinga av påfølgande semester.</p>
Pensum	<p>Kunngjerast før semesterstart. Om lag 900 sider.</p>
Undervisnings- og eksamensspråk	<p>Norsk er undervisningsspråk, og skriftlege produkt skal vere på nynorsk</p>